


# Årsmelding og årsrekneskap 2014



MAGNET, skodespelar Brage Bang

## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2014

### Eit teater med klår profil

Hordaland Teater har følgjande visjon og mål for si verksemd:

*Hordaland Teater skal vere eit profesjonelt, uredd og sjenerøst teater som skal gi gode teateropplevingar i Hordaland og på Vestlandet. Hordaland Teater skal fremje nynorsk og dialekt og ny norsk dramatik, særleg for barn og unge, men også vere open for å spele for eit vakse publikum.*

I 2014 har ein søkt å oppfylle denne visjonen med fleire typar av framsyningar: Førestillinga *I Guds namn* var teateret sitt bidrag til Grunnlovsjubiléet der ein ville sjå nærare på religionsfridomen som er fastsett i Grunnlova, paragraf 2. Stykket skapte stort engasjement, og det vart etterkvart ein særskild konstruktiv dialog mellom teateret og biskopen i Bjørgvin om dei vanskelege spørsmåla som stykket stilte. For dei yngste spelte teateret *Heksestrekar* som er eit figurteater som passar alle målgrupper, òg for barn med framandspråkleg bakgrunn. Stykket *Magnet* er nyskrive og blei produsert i samarbeid med Cellista Production. Scena for dette stykket som tar utgangspunkt i naturkreftene som omgjev oss, var Vestlandet sitt største vitensenter, «VilVite».

For det vaksne publikummet vart *Kjærleikens ferjereiser*, ein klassikar av Edvard Hoem med nyskriven musikk av Henning Sommero i samarbeid med Sogn og Fjordane teater, ein suksess med gode omtaler og fulle hus. Urframføringa av *Hav*, Jon Fosse sitt hittil siste stykke, vart vist i samarbeid med Festspillene i Bergen, Det Norske Teatret og Nynorskens Hus/BUL. Hordaland Teater og Nynorskens Hus sytte og for at Jon Fosse sitt første stykke på ei norsk scene, *Og aldri skal vi skiljast*, vart framført på ny 20 år etter urframføringa.

Tradisjonen tru vart det og i 2014 sett opp ei juleframsyning for barn, *Stille Natt*.

### Ein ønska samarbeidspartnar

**Sogn og Fjordane Teater (SOFT), Det Norske Teatret (DNT), Nynorskens Hus/BUL** og Hordaland Teater (HoT) har inngått ei skriftleg avtale om samarbeid som vi no ser fruktene av. I 2014 samarbeidde SOFT og HoT om *Heksestrekar* som turnerte i Sogn og Fjordane og *Kjærleikens Ferjereiser* var tilsvarande på turné i Hordaland. DNT, BUL og HoT samarbeidde med Festspela om *Hav*, samt *Og aldri skal vi skiljast*. Dette samarbeidet vil halde fram i 2015.

Hordaland Teater samarbeidde vidare med **Den kulturelle skulesekken - Hordaland** om turné i Hordaland med *I Guds namn* (12 framsyningar) og på VilVite (16 framsyningar). Hausten 2014 samarbeidde vi med DKS Hordaland om turnélegging av *Sjølvforakt* for vinteren 2015.

I tillegg til *I Guds Namn* (9 framsyningar), samarbeidde HoT med **Den kulturelle skulesekken – Bergen** om framsyninga *Peter og Ulven* (5 framsyningar) som vart vist i Maartmannshaven, Radisson Hotel Norge. Denne siste førestillinga vart og vist for **Den kulturelle bæremeisen – Bergen**.

**Den Nationale Scene, Vestlandske Teatersenter** og Hordaland Teater samarbeider om profesjonell bistand til Den Unge Scene, **DUS**. HoT støttar økonomisk profesjonelle skodespelarar/regissørar som reiser rundt i fylket før det ender opp som ein festival på

DNS. Teateret har stilt med jurymedlem til denne festivalen.

Hordaland Teater er medlem av **Proscen** (Produsentenhet for Scenekunst) som er lokaliserte i Bergen. Tilsette ved teateret har ved fleire høve levert fagleg innhald til kurs og workshops i regi av Proscen. Våren 2014 hadde vi praktikant på produksjonen *Magnet* utplassert frå Proscen.

### **Ein effektiv organisasjon og eit godt arbeidsmiljø**

Hordaland Teater her i fleire år vore klar over at teateret må finne ei ny scene for si verksemd i Bergen. Teateret sitt tekniske utstyr frå 90-tallet er utdatert og mykje basert på manuelle operasjonar. Teatersalen er liten og kan ikkje nyttast til framсыningar for eit vakse publikum, av di salen er liten og amfiert ukomfortabelt. Teateret har difor arbeidd vidare med alternativ som fyller framtida sine krav, både kunstnarisk, arbeidsmiljømessig og som eit mykje betre alternativ for publikum. Mykje av produksjonane har dette året vore laga i leigde lokale, og berre juleframсыninga vart spelt i eige lokale. Hordaland Teater har hatt stor fokus på eit godt HMS-arbeid. Alle tilsette har vore på brannvernkurs i 2014, og ein har prioritert investeringar knytt til det å lage ein lettare kvardag for dei tilsette.

Hordaland Teater hadde som mål å styrke leiinga ved teateret i 2014. Av ulike årsakar, vart det i ei overgangstid mindre ressursar enn planlagt i staden for ein auke. Dette har gitt ei stor arbeidsbelastning for nokre av medarbeidarane. Trass i dette er det gledeleg at sjukefråværet fall noko, til 6,4 %, mot om lag 7 % i 2013. Av desse var to langtidssjukemeldte.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna i høve til leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av to kvinner og tre menn. Styret er samansett av fire kvinner og to menn.

Styret takkar dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2014. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Hordaland Teater har hatt i 2014 og ser fram til vidare utfordrande og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

### **Økonomi**

Hordaland Teater hadde eit utfordrande år økonomisk i 2014. Styrkinga av leiarressursane førte med seg ein del kostnadar til rekruttering som ikkje var tatt høgde for i budsjettet. Ein uventa kostnad knytt til personalsida vart og belastande økonomisk. Eigne inntekter var noko lågare enn tidlegare år. Først og fremst juleframсыninga hadde dårlegare sal enn budsjettert, noko som kan skuldast hardare konkurranse om publikummet på denne tida. Erfaringane frå dette vert tatt høgde for i 2015-budsjettet. Endeleg vart ein klår over at inngått avtale om ventelønn for teatersjef ikkje var kostnadsført pro rata per tilsetjingsår, slik vanleg er. Dermed måtte vi i 2014 belaste venteløna for fleire av dei tidlegare åra og i samband med avsetning for dette året.

Inntektene for 2014 enda på kr. 17 955 392 mot kr. 17 667 117 i 2013. Kostnadene vart kr. 19 168 564 i 2014 mot kr. 16 957 647 i 2013. Underskottet i 2014 etter finanspostar vart kr. 1 190 449 kor kr. 584 988 knyt seg til ventelønna og kr 550 000 er kostnader knytt til personalmessige høve.

Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2014 til


etterretning. Styret rår til at underskotet vert dekkja inn av opparbeid eigenkapital. Eigenkapitalen vert då redusert frå kr. 1 834 153 til kr. 643 704.

I samsvar med Regnskapsloven § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapet.


BERGEN, DEN 08.04.2015  
STYRET FOR HORDALAND TEATER LL



BIRTHE ERIKSEN  
STYRELEIAR



DAG RUNE MO  
NESTLEIAR



LIV ULVØY  
STYREMEDLEM



TROND BIRKEDAL  
TEATERSJEF



KRISTIAN HELLAND  
STYREMEDLEM



EVA SUNDE  
STYREMEDLEM



IRENE SMØRDAL  
STYREMEDLEM

## REPERTOAR 2014

### I GUDS NAMN av Nils P.Munk

Urpremiere: Logen Teater 16. januar 2014.

I GUDS NAMN var Hordaland Teater sitt bidrag i høve Grunnlovsjubileet 2014.

Teateret ville med denne framsyninga reflektere over Paragraf 2 i Grunnlova:

«Alle innbyggjarane i riket har fri religionsutøving.»

Den evangeliske – lutherske religion er framleis staten sin offentlege religion.

Dei innbyggjarane som vedkjenner seg til den, er forplikta til å oppdra sine barn i same religion.

<b>Omsetjing og språkleg tilrettelegging:</b>	John Stavland
<b>Dramaturgar:</b>	Trond Birkedal, Fabian den Otter
<b>Lysdesign:</b>	Fabian den Otter
<b>Produksjonsleiar:</b>	Gunn Hernes
<b>Lysteknikar:</b>	Henrik Hope Hoel
<b>Kostyme:</b>	Liv Guri Østrem
<b>Scenemeister:</b>	Sigve Sælensminde
<b>Rekvisittar/Scene:</b>	Cristiano Mira
<b>Medverkande:</b>	Yngve Seterås, Irene Waage, Igor Necemer Thea Borring Lande

Framsyningar: 31

(av desse var 9 framsyningar for DKS Bergen og 12 for DKS Hordaland )

Tilskodarar: 1631

Målgruppe: ungdom

### HEKSESTREKAR

Av Trond Birkedal og Ljudmil Nikolov

Urpremiere 28.september 2012 på Barnas Kulturhus

I ei svart/kvit verd lever ein konge med si prinsesse, og ei heks med si kråke.

Prinsessa sin song gir kongen makt over folket, men så ein dag oppdagar prinsessa leiken gjennom ein sommarfugl. Heksestrekar vert fortalt gjennom teikning og musikk. Scenografien er to store teikneblokker og rekvisittar, og karakterar blir til medan du ser på. Barn brukar ofte teikne-aktivitetar til å handsame inntrykk både frå leiken og det verkelege liv. Slik vert Heksestrekar som ei fortsetjing av aktivitetar som barna er godt kjende med.

<b>Regi:</b>	Trond Birkedal
<b>Scenografi:</b>	Ljudmil Nikolov
<b>Rekvisittar:</b>	Britt Koldal
<b>Medverkande:</b>	Ljudmil Nikolov og Jan Holden
<b>Lyd programmerer:</b>	Mathias Grønsdal
1 framsyning i Bergen, 23 framsyningar på turne i S&Fj i	

samarbeid med Sogn og Fjordane  
Teater  
Tilskodarar 1624  
Målgruppe: frå 3 år

## **EGGET**

av Ljudmil Nikolov  
Urpremiere 1992 Stord Kulturhus

Gjennom song, musikk, humor og alvor tek Ljudmil med seg borna til bonden sin gard. Der møter dei hunden, katten, grisen, kua, eit egg og kyllingen.

Dette er ein klassikar frå Hordaland Teater som har gleda svært mange små og store. Etter 13 år har vi no henta fram igjen denne perla for barn frå 3 år og oppover!

<b>Regi:</b>	Trond Birkedal
<b>Scenografi:</b>	Ljudmil Nikolov
<b>Dokker:</b>	Ljudmil Nikolov
<b>Medverkande:</b>	Ljudmil Nikolov
<b>Teknikar:</b>	Linbjørg Sæterdal

2014:  
10 framsyningar i Bergen og Hordaland  
Tilskodarar: 732  
Målgruppe: frå 3 år

## **PETER OG ULVEN**

av Sergej Prokofjev  
Stykket hadde urpremiere 23.mai 2013 i Maartmannshaven på Radisson Hotel Norge under Festspela i Bergen. Arrangementet var tilrettelagd av Karoline Krüger og vidare utarbeidd i samarbeid med musikarane. Dette er ein oppjazza familieversjon av Prokofjevs kjente musikkeventyr! «Peter og Ulven» er eit eventyr der musikken og instrumenta utgjer karakterane. Her er det ikkje først og fremst ord, men musikk som ber fram sjølve historia og handlingane.

<b>Regi:</b>	Trond Birkedal
<b>Scenografi:</b>	Trond Birkedal og Cristiano Mira Lopes
<b>Kostymedesign:</b>	Åse Hegrenes
<b>Koreografi:</b>	Hilde Sol Erdal
<b>Omsetjing frå engelsk til nynorsk:</b>	John Stavland
<b>Forteljar, melodika og bandleiing:</b>	Karoline Krüger
<b>Accordion:</b>	Jostein Stalheim
<b>Tuba:</b>	Magnus Brandseth
<b>Trompet:</b>	Are Ovesen
<b>Cello:</b>	Eline Sundal
<b>Lydteknikar:</b>	Kristian Børve
<b>Systove:</b>	Britt Koldal

Framsyingar: 14 i Maartmannshaven, Radisson Blu Hotel Norge  
(5 for DKS Bergen, 7 for DKS Bæremeisen, 2 opne)  
Tilskodarar: 1532  
Målgruppe: frå 4 år / Familie

## **HAV**

av Jon Fosse

Urpremiere 22.mai 2014 Ervingen kulturhus Gimle, Bergen

Produsert av Bondeungdomslaget i Oslo i samarbeid med Festspillene i Bergen,  
Det Norske Teatret og Hordaland Teater.

I HAV vender Fosse tilbake til nokre av dei ideane som har danna viktige orienteringspunkt i forfattarskapen hans. Stykket utspelar seg kanskje på ein båt på eit hav. Her møtest ulike menneske som delvis er ukjende for kvarandre, og delvis står kvarandre svært nær. I ein overgangsfase mellom liv og død opplever dei livssituasjonar om att, situasjonar som førte til tap og til vinning. Menneska ser seg sjølv utanfrå og innanfrå. Det er eit symbolladda univers, men samtidig prega av Fosse sine leikande og forsonlege «små menneske» som får eit stort lys over liva sine.

Kai Johnsen, som i over 20 år har jobba med Fosse, har regien. På scenen stod nokre av dei beste skodespelarane i landet.

**Regi:** Kai Johnsen  
**Scenografi og lysdesign:** Ingrid Tønder  
**Videodesign:** Klaus Kottmann  
**Dramaturg:** Ola E Bø  
**Produsent:** Liv Hege Skagestad

**Medverkande:** Øystein Røger  
Kyrre Hellum  
Birgitte Larsen  
Hildegunn Riise  
Svein Tindberg  
Morten Espeland

Ervingen kulturhus, Gimle  
Framsyingar: 7  
Tilskodarar: 361

Strandebarm:  
Framsyingar: 2  
Tilskodarar: 156

Teatersalen, Bondeungdomslaget i Oslo:  
Framsyingar: 10  
Tilskodarar: 552

Målgruppe: Ungdom/Vaksne

## OG ALDRI SKAL VI SKILJAST

Av Jon Fosse

### 20 år med Jon Fosse og norsk teater - "Og aldri skal vi skiljast"

Dette var eit eksklusivt, eineståande arrangement som undersøkte, feira og markerte Jon Fosse si tyding i norsk teater. For 20 år sidan, i februar 1994, debuterte Jon Fosse med "Og aldri skal vi skiljast" på Den Nationale Scene i Bergen, der Tom Remlov var sjef. I rollane var Unni Kristin Skagestad, Bjørn Wilberg Andersen og Helga Mjeldheim. Kai Johnsen hadde regien. Sidan den gong har Fosse hatt eit internasjonalt gjennombrøt som saknar sidestykke i norsk etterkrigshistorie.

Jon Fosse har lenge hatt ein idé om å setje stykket opp igjen. Saman med Kai Johnsen og skodespelarar som var med i 1994, vart "Og aldri skal vi skiljast" vist i ei ny utgåve.

Det er openbert at denne spesielle oppsetjinga var viktig for Jon Fosse si vidare utvikling som dramatikar, og at det kollektive arbeidet vart ein inspirerande drivar for det som so langt er blitt til 33 stykke frå Fosse si hand. Sidan framsyninga i 1994 har ho vore tematisert i ulike samanhengar, ikkje minst av Fosse sjølv.

### Seminar i etterkant

*Frå teaterhatar til verdsdramatiker* kalla Cecilie Seiness sitt foredrag på det teaterfaglege seminaret. Mange leiande teaterfolk tok del: Tom Remlov, Hanne Tømte, Tom Egil Hverven, Andrine Sæther, Øystein Røger og Ola Bø.

## MAGNET

Av Hordaland Teater og CELLista PROductions  
Urpremiere 4.oktober 2014 på VilVite

Det er første gongen VilVite samarbeider med Hordaland Teater i eit prosjekt der teaterkunst og naturvitskap vert kopla saman. Både kunsten og vitskapen handlar om vitelyst og kreativitet. VilVite skal primært fremje realfag og teknologi, men skal også synleggjere det tverrfaglege og humaniora, noko som vert oppfylt med dette samarbeidet

<b>Regi:</b>	Trond Birkedal
<b>Scenografi og kostymedesign:</b>	Silje Sanndødden Kise
<b>Musikk:</b>	Eline Sundal
<b>Tekst:</b>	Helga G. Eriksen
<b>Lyddesign:</b>	Mathias Grønsdal
<b>Lysdesign:</b>	Arne Kambestad
<b>Medverkande:</b>	Brage Bang, Ivar Kolve og Eline Sundal

### Produksjonsteknisk personell ved Hordaland Teater:

Kristian Børve  
Fabian den Otter  
Solfrid Glesnes  
Henrik Hope Hoel  
Britt Koldal  
Cristiano Lopes

**Inspisientpraktikant:** Tina Engedal  
**Lydteknikar:** Jan Thomas Halsvik  
**Sminkør:** Rebecca Groven Birkenes  
**Snikkar:** Atle Johannesen  
**Lys- og videokonsulent:** Sigve Sælensminde

Samarbeid med CELLista PROductions og VilVite

Framsyningar: 49 (av desse var 16 framsyningar for DKS Hordaland), resten opne  
Tilskodarar: 5367  
Målgruppe: Frå 6 år

### **KJÆRLEIKENS FERJEREISER**

Ein musikal av Edvard Hoem og Henning Sommero  
Urpremiere 11 september 2014 i Førdehuset, Sogn og Fjordane.

Romanen Kjærleikens ferjereiser av Edvard Hoem kom ut første gong i 1974 og vart innstilt til Nordisk Råds Litteraturpris. Romanen er like aktuell i dag som då den kom ut for 40 år sidan, og blir no teken til scena i ein storslagen musikal med populærmusikk! Dette er den største oppsetjinga ved Sogn og Fjordane Teater nokon gong, som vart gjort i samarbeid med Hordaland Teater.

**Regi:** Yngve Sundvor  
**Scenografi og kostymedesign:** Bodil Bay Schultz  
**Koreografi:** Ingeleiv Berstad  
**Lys- og projeksjonsdesign:** Reidar A. Richardsen  
**Musikarar/dansarar:** Gunhild Hjertaas, Fredrik Høstaker, Katrine L. Mackenzie, Terje Tjøme Mossige, Kyrre Eikås Ottersen, Kristina Søetorp, Lars Sørbo, Ståle Ytterli, Linda Øvrebø, Harald Dahlstrøm, Trond G. Dale, Edvard Mjanger, Ole Thomsen

Framsyningar i Hordaland: Logen Teater, Os, Stord, Etne og Øystese .

Framsyningar: 10  
Tilskodarar: 1696  
Målgruppe: Ungdom/vaksne

### **STILLE NATT**

Eit draumspel av Tore Nysæther  
Urpremiere 30 november 2013 på Hordaland Teater.

I eit ørkenlandskap møter vi ein eldgammal mann som ventar på ein engel.  
Han tek oss tilbake til den gong han var gut og møtte engelen for første gong.  
Den gongen ville engelen ha han med til Betlehem.  
Men guten trudde ikkje på det, og han trudde heller ikkje på at ei stjerne skulle visa veg. Så han vandrar vidare og møter eit namnlaust esel og eit einsamt lam. Dessutan opplever han å få sin store draum oppfylt: Å bli tryllekunstnar på sirkus!

Men engelen kjem stadig attende og vil ha guten med.  
Vil guten følge engelen? Og vil han oppleve eit mirakel?

<b>Manus og regi:</b>	Tore Nysæther
<b>Scenografi og kostymedesign:</b>	Silje Sandodden Kise
<b>Lys- og videodesign:</b>	Reidar A. Richardsen
<b>Komposisjon:</b>	Karoline Krüger
<b>Medverkande:</b>	Peter Bredal, Claus Sellevoll, Hilde Trætteberg Serkland, Eline Sundal
<b>Piano:</b>	Helge Lilletvedt, Erik Håkon Halvorsen
<b>Cello:</b>	Eline Sundal
<b>Musikals innstudering:</b>	Helge Lilletvedt/Karoline Krüger
<b>Inspisientar:</b>	Dag Ove Sunde/Britt Koldal
<b>Teknisk koordinatorar:</b>	Sigve Sælensminde/Martin Flack
<b>Kostymeutføring og maske:</b>	Britt Koldal
<b>Lydteknikar:</b>	Kristian Børve
<b>Lysteknikar:</b>	Henrik Hope Hoel
<b>Scene/rekvisittar:</b>	Cristiano Mira Lopes
<b>Sminke design:</b>	Silje Lie
<b>Snikkar:</b>	Atle Johannesen
<b>Dokkemakar:</b>	Odd Kåre Stokkeland
<b>Innfarging:</b>	Nina Seim

2014:

Framsyningar: 23

Tilskodarar: 1828

Målgruppe: frå 4 år /Familie

## STATISTIKK 2014

### VÅR 2014

### FRAMSYNINGAR TILSKODARAR

I GUDS NAMN	31	1631
HEKSESTREKAR	22	1400
EGGET	6	453
PETER OG ULVEN	14	1532
HAV	19	1069

**SUM VÅR 92 6085**

### HAUST 2014

HEKSESTREKAR	2	224
EGGET	4	279
MAGNET	49	5367
KJÆRLEIKENS FERJEREISE	10	1696
STILLE NATT	23	1828
OG ALDRI SKAL VI SKILJAST	1	85

**SUM HAUST 89 9479**

**SUM VÅR 92 6085**  
**SUM HAUST 89 9479**

**SUM TOTALT 2014 181 15564**

STATISTIKK 2014, Framsyningar fordelt per kommune

Kommune	I Guds namn		Heksestrekar		Egget		Peter & Ulven		Hav		Og aldri skal vi		Kjærleikens		Magnet		Stille natt		SUM		
	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	Frams	Tilsk	
Askøy																					
Austevoll																					
Austrheim	1	43																		1	43
Bergen, Stend	3	84																23	1828	26	1912
Bergen, Logen	16	873											6	878						22	1943
Bergen, andre			1	38	5	307	14	1532	7	361					49	5367			76	7605	
Bømlo																					
Eidfjord																					
Etne	3	143											1	125						4	268
Fedje																					
Fitjar																					
Fjell																					
Fusa																					
Granvin																					
Jondal																					
Kvam					1	78			2	156			1	218						4	456
Kvinnherad																					
Lindås	2	159																		2	159
Masfjorden					1	90														1	90
Meland																					
Modalen																					
Odda																					
Os					1	78							1	240						2	318
Osterøy																					
Radøy					1	97														1	97
Samnanger	1	64																		1	66
Stord					1	82							1	235						2	317
Sund																					
Sveio																					
Tysnes	2	116																		2	116
Ullensvang																					
Ulvik																					
Vaksdal	3	149																		3	149
Voss																					
Øygarden																					
Utanyl fylket			23	1586					10	552	1	85								34	2223
<b>Sum framsyn</b>	<b>31</b>	<b>1631</b>	<b>24</b>	<b>1624</b>	<b>10</b>	<b>732</b>	<b>14</b>	<b>1532</b>	<b>19</b>	<b>1069</b>	<b>1</b>	<b>70</b>	<b>10</b>	<b>1696</b>	<b>49</b>	<b>5367</b>	<b>23</b>	<b>1828</b>	<b>181</b>	<b>15549</b>	
% belegg		100 %		100 %		100 %		88 %		92 %		100 %		88 %		91 %		53 %			

## **PERSONALET**

### **FAST TILSETTE/ ÅRSENGASJEMENT:**

Trond Birkedal	teatersjef
Atle Marøyen	direktør frå 1. juni 2014
Arne O. Thomassen	økonomi/prosjektleder (60 % stilling)
Irene Smørdal	sals- og informasjonssjef
Solfrid Glesnes	produksjonsleder/inspisient
Fabian den Otter	teknisk leder
John Stavland	planleder til 30.06.2014
Linbjørg Sæterdal	kontorsekretær
Ljudmil Nikolov	figur-/skodespelar
Britt Koldal	systove
Kristian Børve	lydteknikar
Cristiano Mira Lopes	scenearbeidar/multiteknikar
Henrik Hope Hoel	teknisk (engasjement)

### **PROSJEKT:**

#### **SKODESPELARAR:**

Jan Holden  
Karoline Krüger  
Jostein Stalheim  
Magnus Brandseth  
Are Ovesen  
Brage Bang  
Ivar Kolve  
Eline Sundal  
Peter Bredal  
Claus Sellevoll  
Hilde Trætteberg Serkland  
Yngve Seterås  
Irene Vaage  
Igor Necemer  
Thea Borring Lande  
Øystein Røger  
Kyrre Hellum  
Birgitte Larsen  
Hildegunn Riise  
Svein Tindberg  
Morten Espeland

#### **TEATERINSTRUKTØRAR:**

Nils P Munk  
Trond Birkedal  
Tore Nysæther  
Kai Johnsen

KOREOGRAFAR:

Hilde Sol Erdal

SCENOGRAFAR/KOSTYME/DOKKER:

Britt Koldal

Liv Guri Østrem

Åse Hegrenes

Silje Sandodden Kise

Silje Lie (sminke Stille natt)

Nina Seim (innfarging Stille natt)

Trond Birkedal

Cristiano Mira Lopes

Rebecca Groven Birkenes

Ingrid Tønder

INSPISIANTAR:

Dag Ove Sunde

Britt Koldal

Solfrid Glesnes

Tina Engedal (inspipientpraktikant)

SNIKKARAR:

Atle Johannesen

KOMPONISTAR:

Karoline Krüger

Eline Sundal

FORFATTARAR:

Tore Nysæther

Helga G. Eriksen

DRAMATURGAR/OVERSETTARAR/SPRÅKKONSULENTAR:

Trond Birkedal

Fabian den Otter

Ola E Bø

Nils P Munk

Helga G. Eriksen

Jon Stavland

MUSIKARAR:

Karoline Krüger  
Helge Lilletvedt  
Erik Håkon Halvorsen  
Eline Sundal  
Magnus Brandseth  
Are Ovesen  
Jostein Stalheim  
Ivar Kolve

MUSIKKARRANGEMENT:

Karoline Krüger  
Helge Lilletvedt

LYSDESIGN:

Arne Kambestad  
Fabian den Otter  
Reidar Richardsen  
Ingrid Tønder

LYDDESIGN:

Mathias Grønsdal

VIDEODESIGN:

Reidar Richardsen  
Klaus Kottmann

TEKNISK:

Henrik Hope Hoel  
Mathias Grønsdal  
Sigve Sælensminde  
Martin Flack  
Jan Thomas Halsvik

PRODUSENT

Liv Hege Skagestad

## **STYRET**

Styret i Hordaland Teater har i 2014 hatt 7 styremøte. Til saman har 72 saker vore til handsaming.

### Styresamansetjing før Generalforsamlinga 2014:

Birthe Eriksen	Styreleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Liv Ulvøy	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Dag Rune Mo	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Kristian Helland	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Eva Sunde	Styremedlem	Representant andre eigarar
Irene Smørdal	Styremedlem	Representant tilsette
Silje Hjemdal	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander F. Andersen	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Marit Askeland	Vara	Representant andre eigarar
John Stavland	Vara	Representant tilsette

Styresamansetjing etter Generalforsamlinga 2014:

Birthe Eriksen	Styreleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Liv Ulvøy	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Dag Rune Mo	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Kristian Helland	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune (frå 1.09.13)
Eva Sunde	Styremedlem	Representant andre eigarar
Irene Smørdal	Styremedlem	Representant tilsette
Silje Hjemdal	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander F. Andersen	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
John Stavland	Vara	Representant tilsette til 30.06.2014
Britt Koldal	Vara	Representant tilsette frå 01.07.2014

Teatersjefen har møtt på styremøta. Sekretær for styret er direktør.

**EIGARTILHØVE:**

Hordaland Fylkeskommune	240 luter
Vestlandske Teatersenter	80 luter
Folkeakademiet Hordaland	20 luter
Hordaland Ungdomslag	20 luter
Hordaland Mållag	20 luter
Voksenopplæringsforbundet	20 luter

# HORDALAND TEATER LL

		2014	2013
R E S U L T A T R E G N S K A P			
DRIFTSINNTEKTER			
Eigne inntekter		1 017 310	1 793 450
Tilskot	8	16 447 883	15 627 000
Andre inntekter		490 199	246 667
SUM DRIFTSINNTEKTER		<u>17 955 392</u>	<u>17 667 117</u>
DRIFTSKOSTNADER			
Prosjektkostnad	12	4 943 109	0
Løn og sosiale kostnader	6	10 524 106	9 675 276
Kostnader vedr. lokala		502 048	806 779
Reisegodtgjering	9	193 938	635 496
Rekvisita, dekorasjonsutstyr		289 215	686 121
Honorar, avgifter	7	907 662	2 658 839
Adm. kostnader	10	490 245	408 889
Bilkostnader		39 600	276 512
Sal og informasjon	11	302 378	414 859
Ordinære avskrivninger	4	363 981	281 202
Andre driftskostnader		612 282	1 113 672
SUM DRIFTSKOSTNADER		<u>19 168 564</u>	<u>16 957 647</u>
DRIFTSRESULTAT		<u>-1 213 173</u>	<u>709 470</u>
FINANSPOSTAR			
Utbytte		1 069	832
Renteinntektar		34 244	23 356
Rentekostnadar, gebyr		12 590	9 021
SUM FINANSPOSTAR		<u>22 724</u>	<u>15 166</u>
ÅRSRESULTAT		<u>-1 190 449</u>	<u>724 636</u>
ÅRSRESULTATET ER DISPONERT SLIK:			
Overført til anna eigenkapital		-1 190 449	724 636
SUM ÅRSOPPGJERSDISPOSISJONAR		<u>-1 190 449</u>	<u>724 636</u>

# HORDALAND TEATER LL

		2014	2013
B A L A N S E			
EIGEDLAR			
ANNLEGGSMIDDEL			
Varige driftsmiddel	4	896 150	818 800
SUM ANNLEGGSMIDDEL		<u>896 150</u>	<u>818 800</u>
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Lutar	5	25 000	25 000
SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL		<u>25 000</u>	<u>25 000</u>
OMLØPSMIDDEL			
Kundekrav		71 752	646 688
Andre krav	3	888 143	1 036 813
Lutar	5	23 265	23 265
Kasse, bankinnskudd, postgiro		2 155 755	2 236 619
SUM OMLØPSMIDDEL		<u>3 138 916</u>	<u>3 943 385</u>
SUM EIGENDELAR		<u>4 060 066</u>	<u>4 787 185</u>
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Aksjekapital	2	100 000	100 000
SUM INNSKOTEN KAPITAL		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
OPPTJENT EIGENKAPITAL			
Annan egenkapital		543 704	1 734 153
SUM OPPTJENT EIGENKAPITAL		<u>543 704</u>	<u>1 734 153</u>
SUM EIGENKAPITAL		<u>643 704</u>	<u>1 834 153</u>

HORDALAND TEATER LL

	2014	2013
GJELD		
AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR		
Uforsikra pensjonsforplikting	13	0
		30 780
SUM AVSETJING FOR FORPLIKTINGAR	<u>0</u>	<u>30 780</u>
KORTSIKTIG GJELD		
Leverandørgjeld	853 435	541 952
Forskotstrekk og andre trekk i løn	351 192	456 691
Skuldig arbeidsgjevaravgift	352 642	391 939
Skuldige feriepengar	810 195	815 785
Anna kortsiktig gjeld	1 048 899	715 885
SUM KORTSIKTIG GJELD	<u>3 416 362</u>	<u>2 922 252</u>
SUM GJELD	<u>3 416 362</u>	<u>2 953 032</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>4 060 066</u>	<u>4 787 185</u>

BERGEN, 08.04.2015  
 STYRET FOR HORDALAND TEATER LL


  
 BIRTHE ERIKSEN  
 STYRELEIAR

  
 TROND BIRKEDAL  
 TEATERSJEF

  
 LIV ULVØY  
 STYREMEDLEM

  
 KRISTIAN HELLAND  
 STYREMEDLEM

  
 DAG RUNE MO  
 STYREMEDLEM

  
 EVA SUNDE  
 STYREMEDLEM

  
 IRENE SMØRDAL  
 STYREMEDLEM

## HORDALAND TEATER L/L – NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2014

### NOTE 1: REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapskikk for små foretak. Følgjande vesentlige rekneskapsprinsipp er anvendt:

#### Inntekter og utgifter

Inntekter resultatføres når dei er opptent. For tenester er det normalt sett i takt med at tenesta blir levert. Utgifter kostnadsføres i same periode som tilhøyrande inntekt.

#### Anleggsmidler / Varige driftsmidler

Anleggsmidler omfattar eigendelar som er til varig eige. Med varig meines over eit år frå balansedagen.

Varige driftsmidler blir vurdert til historisk kost etter frådrag for planmessige avskrivningar. Utgifter forbundet med normalt vedlikehald og reparasjonar blir laupande kostnadsført. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som auke driftsmidlanes levetid vesentlig, aktiverast. Varige driftsmidler med avgrensa økonomisk levetid, avskrives over levetida.

Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eigendelar skjer ved indikasjon på verdifall som testas mot nedskrivingskriteriet. Dersom nødvendig foretas nedskrivning til virkelig verdi. Nedskrivning gjennomføres dersom balanseført verdi overstig dagens verkkelige verdi av eigendelen, og verdifallet ikkje er forbigåande. Dagens verkkelige verdi er definert som det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi estimert som diskonterte kontantstraumar.

#### Omløpsmidlar

Omløpsmidlar omfattar normalt poster kor meininga er realisering innan eit år frå balansedagen. Omløpsmidlar verdsettes til lågaste verdi av kostpris og antatt verkkelig verdi.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar balanseføres til pålydande beløp etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde fordringane.

#### Gjeld

Langsiktig gjeld omfattar gjeld kor meininga er tilbakebetaling seinare enn eit år frå balansedagen og vurderast til opptakskost. Dersom antatt verkkelig verdi av langsiktig gjeld er større enn den balanseførte gjelda, skrives gjelda opp til verkkelig verdi, med mindre gjeldsøkninga er forbigåande.

Kortsiktig gjeld omfattar gjeld der meininga er tilbakebetaling innan eit år frå balansedagen og verdsettes til høgaste verdi av opptakskost (kostpris) og antatt verkkelig verdi.

#### Endring av rekneskapsprinsipp og korrigering av feil

Endring av rekneskapsprinsipp og korrigering av feil i tidlegare års regnskap vert ført direkte mot eigenkapitalen. Omarbeiding av samanlikningstal til føregåande årsrekneskap ved endringar i rekneskapsprinsipp blir ikkje gjort.

### NOTE 2: EIGARTILHØVE

Luteklasse	Antall lutar	Pålydande pr lute	Pålyande totalt
Ordinære lutar	400	250	100 000

Luteigar ordinære luter	Antall lutar	Eigarandel/ stemmerett ihht vedtekene
Hordaland Fylkeskommune	240	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %
Hordaland Ungdomslag	20	5 %
Hordaland Folkeakademi	20	5 %
Hordaland Mållag	20	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %
Sum:	400	100 %

### NOTE 3: AKTIVERTE FRAMSYNINGSKOSTNADER

Av andre krav på kr 888 143, er kr. 460 000 aktiverte framtidige framsyningskostnader. Dette er kostnader som er betalte i 2014, men gjeld framsyningar som vert viste i 2015 eller seinare.

## HORDALAND TEATER L/L – NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2014

### NOTE 4: VARIGE DRIFTSMIDLAR

	Kostpris pr 01.01.14	Akkumulert avskrivningar 01.01.14	Bokført verdi 01.01.14	Tilgang/ avgang 2014	Årets avskrivning	Bokført verdi 31.12.14
Driftsmiddel						
Møblar, inventar	679 936	365 337	314 600	19 897	137 497	197 000
Transportmiddel				265 000		265 000
EDB-utstyr	267 662	154 062	113 600	28 188	48 538	93 250
Innreiing, nybygg	311 820	311 820	-	-	-	-
Sceneutstyr	461 222	272 322	188 900	128 246	131 546	185 600
Verktøy m.v	210 006	12 706	197 300	0	42 000	155 300
Ombygging lokale	65 777	61 377	4 400	0	4 400	0
<b>Sum</b>	<b>1 996 423</b>	<b>1 177 624</b>	<b>818 800</b>	<b>441 331</b>	<b>363 981</b>	<b>896 150</b>

### NOTE 5: LUTAR

Hordaland Teater L/L eig også 396 lutar i DnB Nor ASA vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi pr. 31.12.

Lutane vart tildelt Hordaland Teater L/L då Gjensidige Forsikring vart omdanna til aksjeselskap.

I 2010 blei det investert kr 25 000,- i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

### NOTE 6: SPESIFIKASJON AV LØN

Totalte lønningar	8 078 916
Totalte pensjonskostnader	643 657
Arbeidsgjevaravgift	1 216 545
Totalte andre ytingar	584 988
<b>Sum løn og sosiale ytingar</b>	<b>10 524 106</b>

### YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

Løn til teatersjef	882 937
Andre ytingar teatersjef	93 717
Styrehonorar, totalt	100 800
<b>Sum ytingar</b>	<b>1 077 454</b>

Hordaland Teater L/L har 12 årsverk i 2014.

Teateret har oppfylt sin plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

### NOTE 7: HONORAR

Honorar regnskap/revisjon	356 740
Honorar andre	550 922
<b>Sum honorarar og avgifter</b>	<b>907 662</b>

Av honorar til revisor er kr. 33 375 for revisjon og kr.8 125 for andre tenester. Beløpa er inkl. mva.

### NOTE 8: TILSKOT

Staten	11 242 000
Hordaland Fylkeskommune	5 318 000
Bergen Kommune	25 000
Norsk publikumsutvikling	3 000
Kunstneres Hus	50 000
Periodisert tilskot	(190 117)
<b>Sum tilskot</b>	<b>16 447 883</b>

### NOTE 9: REISEGODTGJERING

Diett, nattillegg	73 274
Bilgodtgjerse	43 088
Reisekostnad	77 576
<b>Sum reiseutgifter</b>	<b>193 938</b>

### NOTE 10: ADMINISTRASJONSKOSTNADER

EDB kostnader	159 990
Møblar	40 697
Driftsmateriale	45 192
Kontorrekvisita	42 266
Aviser, tidsskrifter	20 431
Telefon	17 238
Porto	14 989
Kontingenter	124 971
Blomar, gåver	2 908
Møteutgifter styret	21 563
<b>Sum administrasjonskostnader</b>	<b>490 245</b>

### NOTE 11: SAL OG INFORMASJON

Reklamekostnader	281 854
Representasjon	20 524
<b>Sum sal og informasjon</b>	<b>302 378</b>

## HORDALAND TEATER L/L – NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2014

### NOTE 12: PROSJEKTKOSTNADER

Leige transport og anna utstyr	80 598
Scenografi, kostymer og rekvisita	254 394
Teknisk utstyr	69 986
Marknadsføring og premiere	95 725
Kost, reise og turnekostnader	185 230
Kunstnarlege og tekniske honorar	1 977 820
Andre prosjektkostnader	2 279 356
<b>Sum sal og informasjon</b>	<b>4 943 109</b>

Frå og med 2014 er postane for inndeling av kostnader endra slik at alle prosjektkostnader direkte knytt til framsyningar er samla i ein eigen post. Omlegginga fører i overgangen til at det vert differansar mot samanlikningstal frå 2013.

### NOTE 13: Pensjonsforpliktingar

Hordaland Teater har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga. AFP-ordninga omfattar 9 tilsette i alderen 40 år til 66 år. Pensjonsforpliktingane har tidlegare år vore balanseført i samsvar med hovudregelen i rekneskapsloven § 4-1 første ledd nr. 3 og § 6-2 tredje ledd. Frå og med 2012 har selskapet valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktinga knytt til AFP-ordninga i samsvar med NRS 8 God regnskapsskikk for små føretak pkt.6.1.1.1.1, jf. § 4-1 andre ledd. Per 31.12.14 er det ingen tilsette som har teke ut AFP-pensjon.